



Siste ord er ikkje sagt i saka om frådelling av eit halvt mål frå garden til Tormod Myklebust til bustadtomt (biletet).

No har fylkesmannen varsla at saka skal opp i fylkeslandbruksstyret 23. februar og at ho kan få eit anna utfall enn på det lokale plan.

Fylkesmannen varslar at overprøving av jordlovsvedtaket vil bli vurdert.

Forvaltningskomiteen i kommunen gjekk med fem mot fire røyster inn for at frådelling skulle akseptast.

Men som overordna organ vurderer fylkeslandbruksstyret å omgjere vedtaket med heimel i forvaltningslovas paragraf 35, opplyser fylkesmannen i brev til kommunen.